



Atle D. Utkilen  
Postboks 75  
5953 FONNES

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/793 - 16/9447

Saksbehandlar:  
Per Sveinar Morsund  
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:  
08.04.2016

## Løyve til fjellsikring etter ras - tiltak med ansvarsrett gbnr 202/1 m fl Hjelmås

### Administrativt vedtak. Saknr: 16/793

**Tiltakshavar:** Hillesvåg Ullvarefabrikk AS  
**Ansvarleg søkjar:** Atle D Utkilen  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1 bokstav k

### Saksutgreiing:

#### Tiltak

Saka gjeldsøknad om vesentleg terrengingrep i forbindelse med fjellsikring og rensk av fjell etter ras. Det vert elles vist til søknad motteke 08.03.16 og supplert 17.03.16 og 06.04.16.

#### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett når den var mottatt. Trong for tilleggskommentasjon vart meldt til ansvarleg søkjar ved brev av 11.03.16, der følgjande dokumentasjon vart etterspurd:

1. Gjennomføringsplan og erklæring om ansvarsrett
2. Utfyllande opplysningar om omfang av sikringsarbeidet og handtering av massar

Dokumentasjon vart motteke ved brev frå ansvarleg søkjar 17.03.16 og 06.04.16.

Ansvarleg søkjar og andre involverte føretak må registrere avvika i sitt internkontrollsystem og treffe tiltak for å unngå gjentakning.

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 06.04.16 og frist for sakshandsaming etter pbl. § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

#### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innafor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som næringsvirksomhet.

#### Dispensasjon



Tiltaket er vurdert å ikkje krevja dispensasjon.

#### Nabovarsel

I medhald av reglane i pbl. § 21-3 andre ledd vert det gjeve fritak for varsling til eigarane av naboegedomar. Ein finn at dei er tilstrekkeleg informert om tiltaket i forbindelse med møte mellom grunneigarar og avtale inngått den 04.10.12.

#### Plassering

Område som skal renskast og sikrast er vist i situasjonsplan som vart send inn med søknad den 08.03.16. Eigargar av tilstøtande eigedomar har i avtale inngått den 04.10.12 samtykka til at naudsynte tiltak på deira eigedom også vert reinska og sikra i forbindelse med arbeidet.

#### Terrenghandsaming

Situasjonsplanen viser kva område som skal sikrast. Massar som vert reinska vekk i forbindelse med arbeidet skal inntil vidare plasserast i område markert med rødt i supplerande teikning motteke 06.04.16.

#### Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

### **VURDERING**

Tiltak som omfattar rensk og sikring av fjell i samsvar med naturskadeskjønn vert godkjent. Dette omfattar fjerning av løse steinmasser og fjellsikring med bolter.

Massane skal inntil vidare leggjast i same område som i dag, jf. informasjon og skisse motteken 06.04.16. Område for lagring av massar må sikrast slik at det ikkje medfører fare for omgjevnadane og ferdsel i området.

Når det gjeld fylling av massar i vågen i høve reguleringsplan under utarbeiding så må det søkjast om i eigen sak.

#### Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar sin gjennomføringsplan og innsendte erklæringar til grunn for tiltaket.

#### **VEDTAK:**

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 [bokstav] vert det gjeve løyve til tiltak i eitt-trinn for rensk og fjellsikring på følgjande vilkår:

1. Massar skal plasserast som vist i rødt på skisse som vart innsend 06.04.16
2. Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 1 med heimel i SAK § 9-3.

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

#### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 16/793

#### *Ansvar*

*Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.*

#### *Bortfall av løyve*

*Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.*

#### *Avfall*

*Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.*

#### *Ferdigstilling*

*Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.*

*Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søkjar stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket sin eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.*

*Når det står att mindre vesentlege arbeid kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søkjar identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og sette tidspunkt for ferdigstilling.*

*Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.*

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Hillesvåg Ullvarefabrikk AS

Leknesvegen 259 5915

HJELMÅS

**Mottakarar:**

Atle D. Utkilen

Postboks 75 5953

FONNES